



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

NVE –konsesjonsavdelinga

nve@nve.no

Søknad om løyve til å byggje 10 småkraftverk i Flora kommune – høyringsfråsegn

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane kjem her med ei samla vurdering av dei omsøkte prosjekta.

Med slik store mengder utbygging i Flora må ein stille strengare krav til å greie ut om konsekvensane før løyve til bygging av kraftverk vert gitt. Det er nødvendig med betre miljøundersøkingar og meir heilskaplege analysar innanfor eit avgrensa geografisk område i kvar utbygging. Det er noko underleg å seie at vi treng meir kraft og at vi derfor må bygge ut meir, og samstundes gi inntrykk av at vi viser omsyn til natur og landskap. All utbygging har konsekvensar for naturen. Her skal ein sprengje, byggje kraftliner, rørgater og skogsvegar, og det blir redusert vassføring. Sakene rører ved gammalskog, raudlisteartar, verdifulle natur-/landskapstypar og fisk.

Det omfattande tapet av naturmangfald krev at vi først og fremst sluttar å gi løyve til nye store vasskraftutbyggingar her i landet, men det er viktig å vere klar over at mindre kraftverk også kan ha store konsekvensar for naturen. Det dør no ut artar i ein fart som er 1000 til 10 000 gonger raskare enn normalt, omlag ein art kvart tiande minutt. Dette store tapet må vi stoppe. Det gjer vi ikkje ved å øydeleggje leveområda til artane som lever i og rundt norske vassdrag. Vi har eit stort ansvar, både for oss og internasjonalt, for å ta vare på dei siste elvane i Noreg.

Dei fleste undersøkingane kan gi inntrykk av at det bør gjerast betre kartlegging av raudlisteartar. Botnaelva er eit døme på dette. Her er naturtypen kystberg og blokkmark, og moserik fjellheiområde, verdi A, svært viktig. Og sidan det er funn av raudlisteområde kategori NT og EN kan det også vere at det finst fleire artar av mose og lav. Sidan det er identifisert ein verdifull naturtype - gammal, fattig edellauvskog med eikeskog, svartorskog og hasselkratt - bør ein gjere betre undersøkingar med tanke på flaggermus. Fordi det er ospeskog, er det også mogelegheit for at det finst hakkespettar i området. Samla sett er ikkje fugle- og pattedyrfaunaen middels rik. Den er svært rik, og samtidig ligg den i eit sårbart område. Vi meiner ut frå den noko tynne rapporten at ein bør bruke naturmangfoldlova aktivt.

Lova seier mellom anna

§ 1. (lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Vi i Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ser med uro på alle dei små og store utbyggingssakene vi har her i fylket. Sogn og Fjordane er norgesmester i småkraftutbygging med totalt 144 småkraftprosjekt. Mange småkraftverk kan byggast utan alvorleg skade på natur og landskap, men vi meiner det må betre kartleggingar til. Det er viktig å få kunnskap om korleis kraftutbygging og -produksjon kan påverke dyr og plantar rundt vassdraga på ulike måtar. Endringar i vassføringa kan påverke fiskebestandar og andre

ferskvassorganismar. Miljøulempene kan vere store både når deg gjeld landskapsestetikk og biologisk mangfold.

Verdien av ei elv må ikkje berre målast i kilowatt! Ein må også sjå elvane som viktige for turismen. Dei gir sterke naturopplevingar og kan også vere identitetsmerke for landskapet. Sogn og Fjordane er eit fylke der fosselandskap er eit viktig element, der elvar kastar seg ut frå fjell til fjord. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane håpar det kan stillast strengare krav og betre kunnskap om forvaltning av vassressursane, som er ein felles arv. Eit våtare og villare klima med meir ras i åra som kjem er også noko ein må ta høgde for når ein skal vurdere ei utbygging.

Konklusjonen vår for søknaden om løyve til å byggje dei ti kraftverka i Flora er at NVE ikkje bør gi konsesjon før det er gjort betre miljøundersøkingar. Sidan vi ikkje går inn i kvart enkelt prosjekt, håpar vi at synspunkta våre i denne fråsegna vert tekne med i vurderinga til NVE.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Thorleif Jakobsen

-leiar-